



**OFFENTLEG MØTEBOK**

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06.03.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:40 – 15:10</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:**

**Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemer til stades:**

**Noralv Distad, H**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 1. februar 2017 vart godkjend utan merknader.

Fylkesutvalet handsama først sakene 17/17 – 20/17. Deretter vart dokument 14 i sak 26/17 og sak 25/17 handsama. Resten av sakene vart handsama i den rekkjefølgja som framgår under, med unntak av at sak 24/17 vart handsama til slutt.

Åshild Kjelsnes deltok ikkje ved handsaming av sak 17/17.

Fylkesutvalet vedtok at sakene 24/17 og 25/17 vart handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd.

Fylkesutvalet slutta seg til at fylkesordføraren sender eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget, med kopi til stortingsbenken vår, om utflytting av statlege arbeidsplassar.

**Munnlege orienteringar:**

1. Advokatfirmaet Lund & Co, v/advokatane Ulf Larsen og Per Andreas Bjørgan, orienterte nærmare om dokument 14 i sak 26/17. Presentasjonen deira er arkivert i ESA 16/3230-75. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd.

2. Fylkesordføreren orienterte ut frå dokument arkivert i ESA 15/8070-225 om ekstraordinær generalforsamling i Fjord1 AS 17.02.17.

## **SAK 17/17      Årsrapport 2016 - konsesjonskraft og finansportefølje**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2016 på konsesjonskrafta og finansporteføljen til orientering.

---

## **SAK 18/17      Innspel om kostnadsnøkkel for båt og ferje.**

#### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Møreforsking sin rapport fangar opp dei sentrale utfordringane med kostnadsnøkkel for ferje og hurtigbåt. Fylkeskommunen meiner inntektssystemet sine nøklar bør bygge på normative modellar. Vi stør såleis Møreforsking si normative tilnærming til ferjenøkkelen.
2. Sambandsmodellen - slik den er presentert i rapporten - er eit betre ferjekriterium i kostnadsnøkkelen enn dagens modell, der fylka får kompensasjon ut frå tal samband. Vi stør difor Møreforsking si tilnærming om å nytte sambandsmodellen ved etablering av kostnadsnøkkelen, og vidare medianmodellen for oppdatering og årleg vedlikehald.
3. Det bør arbeidast vidare med å få fram normative modellar for alle delkostnadsnøklane i samferdslenøkkelen.
4. Staten må tilpasse den økonomiske ramma slik at fylkeskommunane får dekkja auken i kostnader i samband med innføring av 2. og 3. generasjons anbod.
5. Staten ønskjer at fylkeskommunane skal innføre lav- og nullutslepp på ferje og hurtigbåt. Staten må legge til rette for auke i overføringane for å dekke dei faktiske kostnadane med det grønne skiftet.

#### **Endringsframlegg:**

**Fylkesrådmannen** endra tilrådinga si slik:

Nytt vedtakspunkt nr. 3:

Dersom ny ferjemodell vert teken i bruk i inntektssystemet, ber fylkeskommunen KMD - i Kommuneproposisjonen for 2018 - klårgjere om og eventuelt på kva måte denne vil påverke ferjeavløysingsordninga knytt til fylkesvegnettet. Ei slik klårgjering bør gjerast både for ferjesamband som kan bli nedlagde og for samband der tal ferjer kan bli reduserte.

Dei opphавеleg tilrådde vedtakspunkta 3-5 blir som følgje av dette 4-6.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 4 og 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:



Tillegg pkt 4: Vi er samde med Møreforsking i at det i dag ikkje er godt nok grunnlag for å etablere gode nøklar og modellar for hurtigbåt.

Tillegg pkt 5: Rapporten påpeikar at desse kostnadane ikkje kan påverkast/i liten grad kan påverkast av fylkeskommunane.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Fram til ein får på plass gode og treffsikre kostnadsnøklar, må ein halde fram med noverande kostnadsdekning.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegg frå Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti, vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Møreforsking sin rapport fangar opp dei sentrale utfordringane med kostnadsnøkkel for ferje og hurtigbåt. Fylkeskommunen meiner inntektssystemet sine nøklar bør bygge på normative modellar. Vi stør såleis Møreforsking si normative tilnærming til ferjenøkkelen.
2. Sambandsmodellen - slik den er presentert i rapporten - er eit betre ferjekriterium i kostnadsnøkkelen enn dagens modell, der fylka får kompensasjon ut frå tal samband. Vi stør difor Møreforsking si tilnærming om å nytte sambandsmodellen ved etablering av kostnadsnøkkelen, og vidare medianmodellen for oppdatering og årleg vedlikehald.
3. Dersom ny ferjemodell vert teken i bruk i inntektssystemet, ber fylkeskommunen KMD - i Kommuneproposisjonen for 2018 - klårgjere om og eventuelt på kva måte denne vil påverke ferjeavløysingsordninga knytt til fylkesvegnettet. Ei slik klårgjering bør gjerast både for ferjesamband som kan bli nedlagde og for samband der tal ferjer kan bli reduserte.
4. Det bør arbeidast vidare med å få fram normative modellar for alle delkostnadsnøklane i samferdslenøkkelen. Vi er samde med Møreforsking i at det i dag ikkje er godt nok grunnlag for å etablere gode nøklar og modellar for hurtigbåt. Fram til ein får på plass gode og treffsikre kostnadsnøklar, må ein halde fram med noverande kostnadsdekning.
5. Staten må tilpasse den økonomiske ramma slik at fylkeskommunane får dekka auken i kostnader i samband med innføring av 2. og 3. generasjons anbod. Rapporten påpeikar at desse kostnadane ikkje kan påverkast/i liten grad kan påverkast av fylkeskommunane.
6. Staten ønskjer at fylkeskommunane skal innføre lav- og nullutslepp på ferje og hurtigbåt. Staten må legge til rette for auke i overføringane for å dekke dei faktiske kostnadane med det grønne skiftet.

-----

**SAK 19/17      Retningslinjer for dekking av skyssutgifter for følgje til pasientar i DOT SFJ mellom 12 og 14 år**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet endrar §9 i forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane til følgjande ordlyd:



«Reiseutgifter for følgje til born mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Ekstra lang reiseveg vil seie reiseveg over ein time per veg (og/eller 50 km) frå skule til tannklinikk.»

**Endringsframlegg:**

**Fylkesrådmannen** sette fram slik tilråding som erstatning for tilrådinga ovanfor:

Fylkesutvalet fastset slik retningsline for kva som skal liggje i omgrepet «særlege omstende» i § 9 i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane:

Særlege omstende ligg føre når reisevegen er over ein time per veg, eller over 50 km, frå skule til tannklinikk.

**Avrøysting:**

Den nye tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet fastset slik retningsline for kva som skal liggje i omgrepet «særlege omstende» i § 9 i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane:

Særlege omstende ligg føre når reisevegen er over ein time per veg, eller over 50 km, frå skule til tannklinikk.

-----

**SAK 20/17 Internasjonalt arbeid -Oppnemning av politisk representant til Marin ressursgruppe i Nordsjøkommisjonen**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Som svar på førespurnad frå sekretariatet i Nordsjøkommisjonen vil fylkesutvalet peike ut ein politisk representant til arbeidet i Marin ressursgruppe.
2. Mandatet skal vare ut valperioden.
3. Erfaringar frå deltakinga i gruppa skal summerast opp og formidlast tilbake til fylkesutvalet før valperioden er omme – dette for å sikre erfaringsoverføring og læring i organisasjonen.
4. Til å delta i Marin ressursgruppe, vert tilrådd vald .....

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Til å delta i Marin ressursgruppe, vert tilrådd Åshild Kjelsnes.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sin tilråding, med framlegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Som svar på førespurnad frå sekretariatet i Nordsjøkommisjonen vil fylkesutvalet peike ut ein politisk representant til arbeidet i Marin ressursgruppe.



2. Mandatet skal vare ut valperioden.
3. Erfaringar frå deltakinga i gruppa skal summerast opp og formidlast tilbake til fylkesutvalet før valperioden er omme – dette for å sikre erfaringsoverføring og læring i organisasjonen.
4. Til å delta i Marin ressursgruppe, vert tilrådd vald Åshild Kjelsnes.

---

**SAK 21/17 Svar - Høyring av forslag om oppheving av vannscooterforskrifta**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg positive til forenkling av regelverket ved å oppheve gjeldande vannscooterforskrift og la kommunane nytte mogelegheitene i gjeldande lovverk om motorferdsel, den sentrale fartsforskrifta og hamne- og farvasslova til å innføre lokale forskrifter som tek lokale omsyn.
2. Gjeldande vannscooterforskrift må ikkje opphevast før kommunane har fått rimeleg tid til å utarbeide og vedta lokale forskrifter.
3. Utforming av forskriftene bør skje i dialog med nabokommunar og med regionalt nivå, der fylkeskommunane og fylkesmannen kan bidra med råd og rettleiing til kommunane.
4. Kommunane og eventuelle kontroll- og klageorgan bør tilførast ressursar for handheving av lokale forskrifter sidan vannscooterbruken truleg vil auke og konfliktane knytt til bl.a. støy, nærføring og ulike typar friluftsliv følgjer med.

---

**SAK 22/17 Luster - reguleringsplan Dale sentrum - motsegn**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går til motsegn til framlegg til reguleringsplan for Dale sentrum i Luster kommune som er på 2. gongs høyring.
2. Motsegna gjeld område SPA4 der det er føreslege endring i reguleringa frå spesialområde bevaring til parkeringsplass.
3. Motsegna er grunngjeve med at den føreslegne reguleringsendringa vil føre til ein vesentleg reduksjon av dei kulturhistoriske verdiane knytt til den freda Dale prestegard.
4. Forhandlingane med Luster kommune skal leiast av .....

**Framlegg:**

**Arbeidarpartiet** gjorde framlegg om at forhandlingane med Luster kommune skal leiast av fylkesordføraren.

**Avrøysting:**

Aleksander Øren Heen, Bjørn Erik Hollevik og Noralv Distad røysta mot tilrådinga frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går til motsegn til framlegg til reguleringsplan for Dale sentrum i Luster kommune som er på 2. gongs høyring.
2. Motsegna gjeld område SPA4 der det er føreslege endring i reguleringa frå spesialområde bevaring til parkeringsplass.



3. Motsegna er grunngeve med at den føreslegne reguleringsendringa vil føre til ein vesentleg reduksjon av dei kulturhistoriske verdiane knytt til den freda Dale prestegard.
4. Forhandlingane med Luster kommune skal leiast av fylkesordføraren.

-----

**SAK 23/17 Asun (SUS) - Søknad om bygging av Fossdalen kraftverk**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner fordelane ved ei utbygging av Fossdalen kraftverk i Gulen kommune er større enn ulempene, men tilrår at:

1. Inngrepa vert innanfor det som er rekna som akseptabelt nivå for småkraftutbygging.
2. God utforming og tilpassing til landskapet vert vektlagt, inkludert den planlagde kaia. Det må stillast krav om god terrengtilpassing og tilstelling etterpå.
3. Det må leggast vekt på å ikkje gjere skade på den gamle stølsvegen opp langs Fossedalselva.
4. NVE særskilt vurderer slukeevne og minstevassføring i høve lokaliteten med flommose.

-----

**SAK 24/17 Sal av fylkeskommunen sine aksjar i Interoperabilitetstjenester AS**

Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

**VEDTAK:**

Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

-----

**SAK 25/17 Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS Avtale mellom BKK og fylkeskommunen**

Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

**VEDTAK:**

Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

-----

**SAK 26/17 Skriv og meldingar fylkesutvalet 6. mars 2017**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1a: Førespurnad frå Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS
- 1b: Bruk av forkjøpsrett
- 2a: KS Prosjekt Regionreform: Tannhelse til kommunene - hvor smart er det?
- 2b: Rapport WIKOS
- 3a: Opprop om framtida til forsvaret
- 3b: Openheit og innsyn om framtida til landforsvaret
- 3c: Vedrørende utredningen om landmakten - åpenhet og inkludering



- 4: Orientering om NVEs vedtak - flere søkere - Søknad om konsesjon til fire småkraftverk i Fjaler kommune Sogn og Fjordane.
- 5: Norsk Vannkraft AS - Søknad om løyve til Kinsedal kraftverk og Kveken kraftverk i Kinsedalselvi i Luster kommune
- 6a: Invitasjon til seminarrekke for kommuner og fylkeskommuner som har gjort vedtak om sammenslåing
- 6b: Liste over inviterte kommuner
- 7: Flora kommune: Søknad om tilskot til utdjuving

-----//-----

**VEDTAK:**

- Fylkesutvalet meiner at utdjuvinga av innseglinga til Florø hamn er viktig og naudsynt. Fylkesutvalet beklagar og at den utdjuvinga som er gjort har vist seg å ikkje vere tilstrekkeleg.
  - Fylkesutvalet visar til høyringsfråsegna som vart vedteken som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel til Nasjonal transportplan 2018-2029.
  - Om dette ikkje vert fulgt opp ved framlegginga av NTP, vil fylkesutvalet be om å få framlagt ei sak om mogleg delfinansiering til utdjuving av innseglinga til Florø hamn.
- 8: Godkjenning av Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020
  - 9: Notat: Arbeidet med regionale kompetansestrategiar
  - 10: Brev til KMD: Krav til naudnett i fylkesvegtunnellar
  - 11: Avtale kommune- og regionreform
  - 12a: Notat: Musea i Sogn og Fjordane – Fellesmagasin i Movika  
Søknad om statleg tilskot
  - 12b: Astrupsatsing – møtereferat
  - 13a: Evalueringsrapport Vestlandsforskning
  - 13b: Social Science Intitutes Panel Report
  - 14: FT-sak 49/16, Fylkeskommunen sin eigarskap i SFE AS – løypemelding nr 2.  
*Ikkje off., Ofl §15 andre ledd og Ofl §23 fjerde ledd*

-----

**SAK 27/17      Fv. 55 Høyangertunnelen - fråvik frå N500 Vegtunnelar-  
elektro**

**VEDTAK:**

- 1. Fylkesutvalet godkjenner tilrådinga frå Statens vegvesen si fråviksnemnd om fråvik frå følgjande krav i handbok N500 Vegtunnelar:
  - 1. Det vert gjeve fråvik frå krav til belysning av tunnelveggane
  - 2. Det vert gjeve fråvik frå krav til høgtalarssystem
  - 3. Det vert gjeve fråvik frå krav til ITV-overvaking
  - 4. Det vert gjeve fråvik frå krav til innkøyringslys



5. Det vert gjeve fråvik frå krav til rømmingslys
  
  2. Fylkesutvalet finn det urimeleg om nye krav til tunnelen skal innførast i etterkant av prosjektering og etter at arbeidet med tunnelen er starta opp og nærmar seg slutfasen.
-